



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/350 - 18/2346

Saksbehandlar:
Ingrid Didriksen
ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:
15.02.2018

Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning - Radøyhallen

Anleggsnummer: 22580

Førehandsgodkjenninga gjeld rehabilitering av Radøyhallen

1. Behovsoppgåve

Informasjon om hallen

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg med idrettshall, 25-metersbasseng, terapibasseng og innandørs skytebane. I tilknytning til hallen ligg Ungdomens hus. Radøyhallen ligg på Manger, like ved Radøy ungdomsskule. Radøy ungdomsskule nyttar hallen mykje i forbindelse med mellom anna svømmeundervisning og gymnastikk.

Radøyhallen vart offisielt opna 1. januar 1988 og har sidan ytt eit breitt sørvstilbod til publikum og lag og organisasjonar i og utanfor kommunen. Idrettshallen vert nytta flittig av skular, lag og organisasjonar, og i tillegg til spesielle arrangement slik som dansegallaer, stemne, utstillingar og liknande.

Sjølvsagt er det framleis den sportslege aktiviteten som er størst i hallen, og dette syner seg klart i større turneringar som Manger Cup. Hallen er mykje brukt både på dag- og kveldstid. Om dagen vert hallen disponert av skulane i Radøy og om kvelden av ulike lag og organisasjonar frå Radøy og omegn. Hallen er oppmerkt med 3 små og ei stor basketballbane, handballbane, 4 små og 1 stor bane for volleyball, 4 badmintonbaner, og med høve for bordtennis og tennis. I tillegg finn ein i apparatrommet eit vidt spekter av utstyr for fri-idrett og andre sportslege aktivitetar. Lag og organisasjonar søker kommunen kvart år om lån av Radøyhallen.

I samband med den sportslege aktiviteten og gym og symje undervisning er garderobane hyppig brukt. På dagtid er bassenget i bruk av alle skular og barnehagar i område (totalt 8 skular og barnehagar), og på kveldstid er det i bruk svømmeklubben i Radøy og nokon kveldar er det opent for

befolkninga. I tillegg er bassenget i bruk av Folkehøgskulen og Floen kollektivet. Bassenget har ein kapasitet på 60-70 personar. På kveldane er dette vanlegvis tilfellet.

Informasjon om tiltak

Den hyppige bruken av hallen fører sjølvsagt til slitasje, sjølv om vanleg vedlikehald og reinhald i hallen er særdeles godt. Sjølv om det har vore gjort ein del oppgraderingar i Radøyhallen de siste åra er det framleis mykje som er originalt frå den vart bygga i 1988 (30 år gamal). Det er derfor naudsynt med rehabilitering av delar av idrettshallen der målet er ein meir attraktiv idrettshall som innbyr til fysisk aktivitet. Under er planlagde tiltak beskrive.

Garderobar:

Garderobane er av same årgang som hallen, altså 30 år i år og er no mogent for ein oppgradering. Det er derfor planlagt at garderobar med dusjrom, toalett og mellomgang skal oppgraderast. Det er naudsynt med nytt golvbelegg, nye baderomsplater på veggane, nye himlingsplater og fastskrudde benkar på veggane. Det er også naudsynt med dusjbåsar i dusjgarderobane på grunn av at skuleelevar ikkje ønskjer å dusje i samband med svømmeundervisning og gymnastikk. Dette er blitt eit vanleg problem i heile landet. Det er derfor eit sterkt ønskje frå skulane at det vert sett opp dusjbåsar. Etablering av dusjbåsar og oppgradering av garderobane er vedtatt i kommunestyret. Det er valt lyse fargar med dører i kontrastfarge for at garderobane skal vere universelt utforma. Det er også ein eige garderobe som er tilpassa for personer med nedsett funksjonshemming. Garderobane er førehandsgodkjent tidlegare.

Korridor:

I korridoren er det planlagt å oppgradere veggjar og det skal på plass ny himling og nye dører.

Inngangsparti/fordelingsgang:

Det er planlagt å oppgradere veggjar og det skal på plass ny himling og nye dører.

Toalett i inngangsparti/fordelingsgang:

Toaletta er mykje brukt og slitte. Det er planlagt å få på plass nye veggplater, golvbelegg og ny himling.

Kjøkken:

Kjøkkenet er i dag lite brukt fordi det er i dårlig stand og lite funksjonelt. Det er ønskeleg å få på plass eit nytt kjøkken som også kan brukast som kioskløysing ved ulike arrangement.

Kontor/billettluke:

Kontor/billettluke er mykje brukt både av vaktmeister og ulike idrettsklubber. Oppgradering golv, veggjar og himling.

Rehabilitering av Radøyhallen i ulike byggetrinn.

1. Dusjrom med skiljeveggjar
2. Garderobar

3. Resterande garderobeareal, inngangsparti/fordelingsgang med tilhørende toalett og korridor.
4. Kjøkken og kontor/billettluke.

2. Utreiing/beskriving av universell utforming

Hallen har god tilkomst og er universelt utforma. Parkering for rullestolbrukarar tett ved inngangen til hallen. Det er ein eigen garderobe som er tilpassa for personer med nedsett funksjonshemming. I tillegg er det handikap toalett i inngangspartiet som vil verte meir universelt utforma etter oppgraderingen. De nye dørene skal vere i kontrast farge til vegg og golv. Det same gjeld nye skilt på garderobedører.

3. Utreiing/beskriving av arkitektur, estetikk og miljøforhold

Tiltaka vil ikkje medføre store byggetekniske tiltak i Radøyhallen, og rom fordelinga vert som i dag. Det er valt lyse og nøytrale fargar på vegg, golv og himling med kontrast farge på dørar og skilt.

4. Plass i kommunal plan

Rehabilitering av Radøyhallen er nemnt i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 og er på 2. plass i prioritert handlingsprogram ordinære anlegg 2016-2019.

5. Kostnadsoverslag

Tiltak	Pris overslag inkl. mva.
Oppgradering av dusjrom	kr 920 000,-
Tilleggsarbeid dusjrom	kr 150 000,-
Oppgradering av resterande garderobeareal	kr 700 000,-
Oppgradering resterande garderobeareal svømmehall	kr 170 000,-
Nye dører garderobar	Kr 110 000,-
Inngangsparti/fordelingsgang	kr 99 000,-
Korridor/gangareal	kr 65 000,-
Toalett i inngangsparti/fordelingsgang	kr 112 000,-
Kjøkken	kr 150 000,-
Kontor/billettluke	kr 100 000,-
Sum arbeid inkl. mva	Kr 2 576 000,-
Uforusette kostnader + førehandsarbeid	Kr 257 000,-
Administrasjonskostadar tilbodsinnhenting etc.	Kr 128 000,-
Sum kostnader. Grov kalkyle inkl. mva.	Kr 2 961 000,-

6. Finansiering

Kommunen forskoterer alle kostnader sjølv.

Sum kostnader	Kr 2 961 000,-
Spelemidler	Kr 987 000,-
Eigenkapital	Kr 1 974 000,-

Radøy kommune finansierer drifta av Radøyhallen og har eige vaktmeister som har ansvar for idrettshallen. Avdelinga for reinhald i kommunen har ansvaret for vasking.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Spesifisering av prisar - tilbod - byggetrinn 3

Teikning Radøyhallen - byggetrinn

Tilbod - byggetrinn 1

Tilbod - byggetrinn 2

Tilbod - byggetrinn 3

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik